



**Notat**

Dato: 02.07.2015  
Arkivsak: 2014/10030-41  
Saksbehandlar: sveheg1

---

**Til:** Rune Haugsdal  
**Frå:** Svein Heggheim

---

### **Premissar for sak - rullering av skulebruksplanen 2016**

Frå vedtak av skulebruksplanen i desember 2012 og mars 2013 har det vore lagt til grunn at planen må opp til ny handsaming. Det er ikkje gjort eksplisitt vedtak om at dette skal skje i 2016, men dette året har likevel vore lagt til grunn i fleire saksdokument frå 2013 og fram til no. Det er også rimeleg å sjå rulleringa saman med dei delane av planen som det er sagt at vi skal kome attende til. Dette gjeld til dømes struktur og kapasitet på studiespesialisering i Stor-Bergen.

Fylkesutvalet gjorde i september 2014 vedtak om å leggje fram sak om studiespesialisering i Bergen. Planen var at saka skulle ha kome til fylkestinget i juni 2015. Saka vart utsett, og det er lagt opp til at ho kjem opp på nytt hausten 2015. Dette betyr at det kanskje berre blir eit halvt år mellom ei sak om ST i Bergen og ei hovudrullering av samla plan. Fylkesrådmannen må vurdere om dette er heldig. Dersom ST i Bergen skal vere ein del av hovudrulleringa av skulebruksplanen, må dette meldast til politisk nivå tidleg på hausten (august/september). Samtidig melder vi formelt at planarbeidet startar.

Fylkesdirektør opplæring førebur no arbeidet med rullering av skulebruksplanen. Gjennom framlegget til plan som vart sendt på høyring våren 2012, er ei rekke prinsipp lagt til grunn. Dette gjeld mellom anna omsyn til størrelse på familiø, minste tal parallellear for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, reiseavstand og lokalisering ved regionale senter og knutepunkt for trafikk. Fylkesrådmannen må vurdere om desse prinsippa framleis skal leggjast til grunn, og om det eventuelt er behov for politisk behandling av premissane for planen før planprosessen er komen for langt. Fylkesdirektør opplæring ser for seg ei rullering som inneber oppdatering av talmaterialet i planen, særleg elevtalsprognosar, tidsplan for gjennomføring av tiltak, men som også vurderer økonomiske sider og aktuelle behov for strukturendringar. Det er dessutan meldt til politisk nivå at det skal takast omsyn til lokale/regionale senterdannningar ved utarbeiding av ny plan. Planen skal også vise status for vedtekne, gjennomførde og planlagde endringar.

Uavhengig av om struktur og kapasitet på ST i Bergen blir avgjort i desember 2015 eller utsett til hovudrulleringa i juni 2016, er det heilt nødvendig å ta stilling til plassering og kapasitet på dei to nye studieførebuande programma Kunst, design og arkitektur og Medium og kommunikasjon seinast desember 2015. Det vil også vere mogeleg å leggje fram sak om Hjeltnes vidaregåande skule i desember 2015. Framtida til Fana gymnas kan avgjerast isolert sett, men det vil vere uheldig med tanke på risiko for å fryse eit fredingsvedtak. Fylkesdirektør opplæring rår til at framtida for Fana gymnas blir ein del av hovudrulleringa av skulebruksplanen.

Oppsummert:

- ST i Stor-Bergen som del av hovudrulleringa av skulebruksplanen juni 2016?
- Framtida til Fana gymnas som eiga sak desember 2015?
- Ny politisk behandling av prinsippa for skulebruksplanen?
- Hjeltnes vidaregåande skule som eiga sak desember 2015?